

Anne G. Waage  
Våkleiven 22  
5155 BØNES

21.06.2017

Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Postboks 5091 Majorstua,  
  
0301 OSLO

## **132 kV kraftledning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk til Frøyset transformatorstasjon. Høyring av tilleggssøknad. Kulturminner m.m.**

Dykkar brev av 10.05.2017, ref.: 201502028-71 og mitt svar datert 20.06.2017.

I brevet mitt datert 20.06.2017 skulle det ha vore med litt om turområda i området. Her kjem nokre opplysningar:

**Sætrfjellet er toppen ovanfor Varden** der kraftlinja er planlagd. **Dette er eit av dei finaste utsiktpunkta på fjella her og i Gulen.** Sætrfjellet er ein stad som er mykje besøkt av lokale turgåarar. Sjå vedlagte foto.

Fotturar i Masfjordfjella. Av Kenneth Ø. Monsen. ( Masfjorden kommune, 2000) Her er turane Sleire - Oppdalsøyra og Birkeland - Oppdalsøyra beskrevet, med alternative ruter. (engelsk + tysk samandrag)

Turkart Masfjorden 2009, rute 19: Byrkjeland, Transdalen, Øksefjellet, Halsane - Sleire.

Til fots i Gulen. 25 populære fjellturar i Gulen. Gulen kommune 1993, med tekst på norsk, engelsk og tysk. Sjå vedlegg.

På tur i Gulen. Kulturstiar. Fjellturar. (Reisemål Ytre Sognefjord og Dalsfjord 1999) Tekst på norsk, engelsk og tysk.

Opptur Sogn og Fjordane.

Litt litteratur som viser historisk turbruk av området:

"Austgulseter og traktene der omkring" av professor Harald Beyer i Bergen Turlag Årbok 1952 Stølsheimen, s. 39 - 44. Han skriv om turar til Frøyset alt frå 1927 (frå Bergen) . Derifrå var det fisketurar i området, roturar opp vatna frå Sleirsvatnet, til Birkeland og til Transdalen, tilbaketuren gjekk over Øksefjellet og Myrdalen til Sleire. Andre turar gjekk frå Oppdalsøyra eller Austgulen til Austgulstølen og Turisthytta der. Fleire turvariantar er nemnde. "Fra Øksnafjellet(Øksefjellet), rett opp for Transdalsvatnet, kan en se hele øygarden sørøst, ja i godvær skimte Lyderhorn uten kikkert. En fin tur er det også å gå over til Takle." Side 114 - 115 i same årbok, kart s. 120 -121.

I rutefortegnelse Stølsheimen:

1. Opdalsøyra - Austgulen seter

Delvis vei og stølsvei. - Fra Opdalsøyra kjøreveien sydover til litt før Krossvoll. Her stølsvei oppover dalen mot øst, forbi Fossestølen(Fossehaugen), nord om Transdalsvatn. Ved Transdalstølen nordøst opp på Flatefjell og følger på nordsiden av den nordøstlige utløper,

ned til stølsveien frem til Austgulseter. Ved setrene over elven og kort opp til turisthytten. - Ca. 3 timer.

2. Austgulen - Austgulseter
3. Austgulseter - Ytre Masfjorden (Risnes - Hosteland)
4. Austgulen - Takle
5. Austgul seter - Kringlen.

"Pensjonistar frå Gulen fortel. Dei tok sin tørn.. "Av Ingolf Austgulen.

I denne boka fortel Alfred Austgulen (f. 1918) m.a. om at det var mykje byfolk på Austgulstølen og Turisthytta der. Det var byfolk både sumar og vinter(påsketuristar).

Mor mi fortel også om fotturistar som overnatta på stølen(ikkje alltid like velkomne, då det blei eksta arbeid til budeia).

"Weekend tur til Masfjorden og Sogn." Av. Anton Steen. ( Bergen Turistforening - Årbok 1936, s. 102 - 105.) Her skriv han om ein helgetur frå Bergen til Masfjorden og Sogn. Målet var Turisthytta på Austgulstølen, den kunne ein kome til frå Risnes, Hosteland, Oppdalsøyra eller Austgulen.

I Bergen Turistforening Årbok 1937 er eit kart over Lindaas-Masfjorden Damskipsselskap sitt trafikk-område. Der er innteikna køyreveggar, tur-veggar, stølar, vegar i arbeid, hotel og turisthytter. (M.a. Sleire- Kjelby og Birkeland-Austgulstøl, Austgulen- Austgulstøl m.m.)

Helsing  
Anne G. Waage

Vedlegg

Kopi: Riksantikvaren, [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)<[postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)>;

Fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane, [postmottak.kultur@sfj.no](mailto:postmottak.kultur@sfj.no)

Berit Gjerland, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, [Berit.Gjerland@sfj.no](mailto:Berit.Gjerland@sfj.no)



Fylkeskonservatoren i Hordaland, [kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no)



Utsikt frå toppen av Sætrfjellet, ovanfor Varden. Mot vest.



Utsikt frå Sætrfjellet mot N og Dalsbotnfjellet der vindmøllene er planlagde. Ein ser Austgulfjorden og garden Hantveit. I bakgrunnen ser ein Brosviksåta. Ø for Hantveit er det linja er planlagd.



Turar i Gulen.

The walk starts in Engesetdalen and rises gently to Engesetstølen (45 minutes), one of the best-maintained summer pastures in the Brekke region. From Engesetstølen you can choose between Brekkestølen and Austgulstølen, or continue in gently rising terrain to Nipa. Good view in all directions.

#### **A6 ENGESSETSTØLEN - BREKKESTØLEN: 45 MIN.**

Frå Engesetstølen går ruta i lett stigning langs Botnevatnet som er drikkevasskjelda for Brekke. I eriken av vatnet er det lett stigning før nedstigning til Brekkestølen. Frå Brekkestølen går det merka sti til Austgulstølen (45 min).

Vom Engesetstølen führt die Wanderung zunächst mit leichtem Anstieg am See Botnevatnet, der Trinkwasserquelle für Brekke, entlang. Am Ende des Sees geht es weiter leicht bergauf, bevor man zum Brekkestølen hinabsteigt. Von der Almhütte Brekkestølen führt ein markierter Wanderweg nach Austgulstølen (45 Min.).

From Engesetstølen the route rises gently along Botnevatnet lake (which is Brekke's drinking-water). At the end of the lake the path rises a bit before dropping again to Brekkestølen, from where a marked path goes to Austgulstølen (45 minutes).

#### **A7 ENGESSETSTØLEN - AUSTGULSTØLEN 1 TIME**

Lang tur i lett, ope terreng langs Langevatnet. Siste del er nedstigning til Austgulstølen. Frå Austgulstølen kan turen gå vidare til Brekkestølen (45 min) eller Transdalsvatnet (sjå tur B2).

Diese Wanderung führt durch leichtes, offenes Gelände den See Langevatnet entlang. Der letzte Teil ist der Abstieg zur fließenden Austgulstølen. Von hier kann die Wanderung zum Brekkestølen (45 min) oder zum See Transdalsvatnet verlängert werden (siehe Route B2).

A long walk in easy, open terrain alongside Langevatnet lake. The last part is descent to Austgulstølen, from where you can continue to Brekkestølen (45 min) or to Transdalsvatnet lake (see B2).

#### **B1 KROSSVOLL - TRANSDALSSÆTRA - KJELBY 3 TIMAR**

Stien startar ca. 50 m opp for Krossvoll bru. Terranget er noko myr. Stien kryssar elva to gonger. Etter ca. 45 min. kjem ein til Fossehaugen (gamle søttrår). Vidare over høgda og rundt Transdalsvatnet. Opp over Øksefjellet og bratt nedstigning ved Halsane. Halvvegs mot Kjelby går turen på skogsveg.

Der Weg beginnt etwa 50 m oberhalb der Brücke Krossvoll. Leichtes Moorgelände. Der Weg überquert zweimal den Fluß. Nach etwa 45 Minuten gelangt man nach Fossehaugen, einer alten Almhütte. Danach setzt sich der Anstieg fort, und die Route führt um den See Transdalsvatnet herum. Nach Besteigung des Øksefjells folgt bei Halsane ein steiler Abstieg. Die halbe Strecke nach Kjelby ist ein Waldweg.

The path begins about 50 metres beyond Krossvoll bridge, in rather boggy ground. The path crosses the river twice. After about 45 minutes you reach the disused summer pastures at Fossehaugen, then go over the hill and round Transdalsvatnet lake. Up Øksefjellet and steep down to Halsane. Half-way to Kjelby the path enters the forest.

#### **B2 TRANSDALSSÆTRA - AUSTGULSTØLEN 1,5 TIME**

Frå Transdalsætra over Flatefjellet er det ikkje sti for ein kjem forbi Vettefjell. Frå Vettefjell til Austgulstølen (sjå tur A7).

Von Transdalsætra aus über das Flatefjell gibt es keinen markierten Weg, bevor man nach Vettefjell gelangt. Von Vettefjell weiter nach Austgulstølen (siehe Route A7).

4

There is no path from Transdalsætra over Flatefjellet until you pass Vettefjell. From Vettefjell to Austgulstølen see A7.

#### **B3 KJELBY - DALSFJELLET 1,5 TIME**

Sarover frå Kjelby langs skogsveg på vestsida av dalen. Vidare oppover åsen, deretter vestover i lett stigande terreng til Dalsfjellet. Fantastisk utsyn.

Auf der Westseite des Tals führt die Wanderung von Kjelby auf einem Waldweg nach Süden, den Hang entlang und danach in leicht ansteigendem Gelände zum Dalsfjell. Phantastische Aussicht als Belohnung.

South of Kjelby along forest path on the west side of the valley. Then over the hill, then west in gently rising terrain to Dalsfjellet. Fantastic view.

#### **B4 NORDDAL - TUFJELL - VYRKESDAL 4 TIMAR**

MRK: Det er ikkje høve til å parkere bilar på Nordal. Vis omsyn over innmarka frå Nordal til Sperretåna. Skogsveg opp Sperrtåna og søraustover opp langs lia til Lillehaugane. Vidare sørover til Tufjell delvis langs myr og langs ein svært gammal torvsteingard. Frå Tufjell til Storenova er det kupert terreng. Nydeleg utsikt frå Storenova. Nedstigninga frå Storenova til Vyrkesdal går delvis på sti og er ganske bratt siste delen.

Achtung! Es ist nicht möglich, daß Auto in Nordal abzustellen. Betreten Sie auf dem Weg von Nordal nach Sperretåna nicht unnötig Gras- und Ackerland. Nach Sperrtåna führt ein Waldweg, und in südöstlicher Richtung geht's am Hang entlang nach Lillehaugane. Auf dem Weg nach Süden Richtung Tufjell führt die Wanderung teilweise an Moorlandschaften vorbei. Sie treffen auf einen sehr alten Hof, der aus Stein und Torf gebaut wurde. Der Weg von Tufjell nach Storenova führt durch eine hügelige Landschaft. Von Storenova hat man eine wunderschöne Aussicht. Der Abstieg von Storenova nach Vyrkesdal führt teilweise über einen Pfad und ist im letzten Teilstück ziemlich steil.

NB! Parking not allowed at Nordal. Show care and consideration when crossing the home fields from Nordal to Sperrtåna river. Forest road up Sperrtåna and south-east up the slope to Lillehaugane. Continue south to Tufjell partly across bog and partly along a very old peatstone wall. From Tufjell to Storenova in broken terrain. Beautiful view from Storenova. The descent from Storenova to Vyrkesdal is partly on a path and quite steep at the end.

#### **C1 BYRKNESØY - VETEN - BYRKNESØY 2 TIMAR**

Austover marka og opp til Byrknesfjellet (117 m). Sørover langs fjellet over Storhaugen, forbi Nykkvatnet og vidare til Veten. Vest for Veten ligg Lovlisteinen som er lagd igjen av isen i siste istid. På venstre side i nedstigninga vest for Nykkvatnet finn ein ei lita hule, der det seiest at rovaren Gjest Bårdsen skal ha gøymt seg.

Nach Osten über Grasland hinauf zum Byrknesfjell (117 m ü.d.M.). Auf dem Berg nach Süden über Storhaugen, am See Nykksvannet vorbei und weiter zum Veten. Westlich des Veten liegt der Stein Lovli, der bei der letzten Eiszeit vom Eis dorthin transportiert wurde. Auf der linken Seite des Abstiegs westlich von Nykksvannet gibt es eine kleine Höhle, von der erzählt wird, das sich der Räuber Gjest Baardsen dort versteckt haben soll.

East across the fields and up to Byrknesfjellet (117m). South along the ridge over Storhaugen, past Nykksvannet and on to Veten. West of Veten is the "Lovli Stone", an erratic boulder from the last ice age. On your left during the descent west of Nykksvannet, look out for a small cave, said to be a hiding-place of the highwayman Gjest Baardsen.

5

Turar i Gulen.



**Linda Westervik** ▸ **Dalsøyra Idrettslag** ▾

20. mai i nærleiken av Gulen · 🌐

Sætrefjellet: På oppdalsøyra, kjør mot Kjelby. Ved Krossvold finn ein skilta ved anleggsvei. Har ein 4 hjulstrekk kan ein kjøre opp til starten på sjøve fjellturen. Eller begynne å gå som kart utsnittet viser. Fra den røde x på bilde er det ca 30-40 min å gå ut på posten.

👍 Lik dette ➔ Del

Veneførespurnader

[Sjå alle](#)



**Knut Kongsvoll**

2 felles vener

➤ Stadfest ven

**Austgulenområdet:**

A1	Kupa	I svart boks	3 poeng
A2	Alvedalsløene	I svart boks	3 poeng
A3	Fossehaugen	På stor stein i vegen	4 poeng
A4	Sætreffell	I varde	4 poeng
A5	Ranane	I varde	5 poeng
A6	Transdalen	Ved hytte	4 poeng
A7	Austgulstølen	På staur mellom sel	8 poeng
A8	Galteskaret	I steingard	3 poeng
A9	Haugsvatnet	Mellom steinar	2 poeng
A10	Hantveitstølen	I murvegg	6 poeng
A11	Halsane	I enden på skogsveg	3 poeng

**Dalsøyraområdet:**

D1	Storehammaren	I enden av skogssti	3 poeng
D2	Storenova	I varde	10 poeng
D3	Tuffjellet	I steingardskryss	6 poeng
D4	Slengesolfjellet	I postkassehus på hytte	6 poeng
D5	Sandalen	v/Anita Lihaug sin støl	3 poeng
D6	Sperretåa	I postkasse v/torvhytte	3 poeng
D7	Nordalstjern	v/utløp øvre til nedre tjern	4 poeng
D8	Blåffjellet	I varde	5 poeng
D9	Høydalen	I steingard	5 poeng
D10	Skulestien	I steinfjøs	2 poeng
D11	Bufjellet	I steingard	4 poeng
D12	Skårholten	i benk ved skaret	4 poeng
D13	Grindefjell	I varde	8 poeng

**Eidsbotnområdet:**

E1	Orknesnipa	I varde	10 poeng
E2	Steinsfjellet	I tre bak varde	5 poeng
E3	Kistefjellet	I varde	4 poeng
E4	Likjønn	Ved røyrbu	3 poeng
E5	Skjeldalsvika	Ved furu	2 poeng
E6	Langevatnet	Ved furu	2 poeng
E7	Bjørnebotn	Ved enden av skogsveg	3 poeng
E8	Svardalsåsen	På stor stein	3 poeng
E9	Brattelifjellet	I varde v/taubana	5 poeng
E10	Øksefjellet	I varde	4 poeng
E11	Kalvafjellet	Ved vindmølar	3 poeng
E12	Storefjellet	Bak ein stein	3 poeng
E13	Setenes fjellet	I varde	6 poeng

Postane vert lagde ut 1 mai og tekne inn att 15.okt - 1.nov.

	Alder	Poengkrav		
		20	30	50
	0-14			
	15-19			
	20-24			
	25-29			
	30-34			
	35-39			
	40-44			
	45-49			
	50-54			
	55-59			
	60-64			
	65-69			
	70-74			
	75-79			
	80-84			
	85-89			
	90-94			
	95-99			

👍 Lik dette

➦ Del